

Vår sakshandsamar:
Jan Øhlckers

Dato:
2. november 2017

Vår referanse
Dykkar referanse

Sogn og Fjordane fylkeskommune

INVITASJON TIL Å TEIKNE AKSJAR I «VITENTERET I SOGN OG FJORDANE»

Kaupus as og referansegruppa for «Vitensenteret i Sogn og Fjordane» inviterer no til teikning av aksjar i selskapet som skal utvikle og drifte eit slikt senter.

Vedlagt finn de:

- Invitasjon
- Utkast til minimumsvedtekter
- Teikningsblankett
- Liste over inviterte
- Forretningsplan

Som det går fram av forretningsplanen kap. 5 ynskjer vi at fylkeskommunen teiknar 105 aksjar pålydande kr. 10.000 dvs. deltek med kr 1.050.000.

Fristen for teikning er sett til 20. desember 2017. Teikninga skjer på vedlagt blankett og skal sendast prosjektleiaren.

Med venleg helsing



Tor Arne Ness
Prosjekteigar
908 39 860



Jan Øhlckers
Prosjektleiar
415 30 963



Invitasjon til aksjeteikning

«Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS»

Kaupus as



Kaupus AS er skipa av Kaupanger næringsforening for å realisere ideen om eit vitensenter for Sogn og Fjordane på Kaupanger i Sogndal kommune. Verksemda inviterer no aktørar med interesse for å etablere og drive eit slikt senter til å teikne aksjar i «Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS»

Kaupus AS har engasjert Jan Øhlckers i Vidsyn rådgivning as (www.vidsyn.as) som prosjektleiar for forprosjektet. Han vil no òg vere ansvarleg for å:

1. Sende ut invitasjon til aksjeteikning
2. Informere dei potensielle aktørane og framtidige eigarane
3. Kalle inn til og gjennomføre stiftingsmøte med val av styre
4. Registrere selskapet
5. Rettleie styret i det nye selskapet inntil ny prosjektleiar er tilsett

Vilkår knytt til aksjeinnbyding

Aksjekapitalen er sett til minimum kr 2.000 000, med minimum 2000 aksjar kvar pålydande kr 10.000. Minstebeløp er kr 50.000, tilsvarende 5 aksjar.

Teikningsprosedyre

Teikning av aksjar startar 2. november 2017 og vert avslutta 20. desember same år. Betaling vart fastsett etter teikninga er avslutta. Skipingsmøte vert gjennomført tidleg i 2018.

Teikning skjer på original teikningsblankett som ligg ved.

Ferdig utfylt blanketten vert å sende som brev/e-post eller levert til:

Vidsyn rådgivning AS

v/Dagleg leiar Jan Øhlckers

E-post: jan@vidsyn.as

tlf.: 415 30 963

Postadresse: Strandvegen 13a, 6884 Øvre Årdal

Overkurs

Teikninga skjer til pålydande.

Fordeling av aksjar

Det er eit ynskje at aksjane vert fordelt på flest mogleg av aktørane med interesse for Vitensenteret. Målsettinga er at ingen skal ha kontroll gjennom reint fleirtal.

Styret i Kaupus as vil fastsette endeleg aksjekapital og avgjere fordelinga ved overteikning.

Betaling

Betalinga skjer i samsvar med instruks på teikningsblankett. Fristen vert fastsett etter teikningsfristen. Då vert det òg opplyst om kontonummer mv. Det er opning for å betale i form av tinginnskott. Verdien av tinginnskottet vert fastsett av Kaupus as sin forretningsfører eller revisor.

Kostnader

Alle kostnader knytt til teikninga vert dekt av den nye verksemda.

Aksjonærpolitikk

Det kan verte aktuelt å forme den ut i ein aksjonæravtale.



Stiftingsmøte

Aksjonærene held stiftingsmøte og protokollen følger med registreringa av verksemda. I tillegg vert det lagt ved:

- Opningsbalanse
- Protokoll frå styremøte
- Vedtekter
- Aksjeeigarbok
- Orientering om ev. tinginnskott
- Stadfesting frå revisor



Vedlegg I: Utkast til minimumsvedtekter for «Vitensenteret i Sogn og Fjordane as»

§ 1.

Verksemda sitt namn skal være «Vitensenteret i Sogn og Fjordane as».

§ 2.

Verksemda har forretningskontor i Sogndal kommune

§ 3.

Verksemda sitt føremål er å etablere og drive Vitensenteret i Sogn og Fjordane.

§ 4.

Aksjekapitalen skal vere på ¹.....

§ 5.

Aksjen sin pålydande skal vere kr 10.000.-.

§ 6.

Verksemda sitt styre skal ha frå 3 til 7 medlemmer med personlege vara-medlemmer.

Styret vel sjølv leiar.

§ 7.

Kunngjering til aksjonær skjer ikkje offentleg. Verksemda skal halde ordinær generalforsamling kvart år innan utgangen av juni. Innkallinga med dagsorden skjer med skriftleg varsel til aksjonærane minst to veke på førehand.

§ 8.

Årsmelding, årsrekneskap og revisor sin melding skal vere sendt til kvar einskild aksjonær samstundes som innkalling til ordinær generalforsamling.

§ 9.

På den ordinære generalforsamlinga vert følgjande spørsmål handsama og vedteke:

1. Godkjenning av årsmeldinga og årsrekneskapen og eventuell utdeling av utbyte
2. Val av styre.
3. Eventuelt val av:
 - a. Revisor
 - b. Forretningsfører
4. Vedtektsendringar
5. Andre saker som det ligg til generalforsamlinga

§ 10.

Framlegg som ein aksjonær ynskjer at den ordinære generalforsamlinga skal handsame skal være skriftleg og sendt styret innan 1. mai. Alle dokument til generalforsamlinga skal i varseltida vere lagt ut på verksemda sitt forretningskontor.

§ 11

¹ (minimum kr 2.000.000.-, vert avgjort av styret i Kaupus as etter at teikninga er avslutta)



Elles gjeld aksjelova.



Vedlegg 2: Teikningsblankett

TEGNINGSBLANKETT for «Vitensenteret i Sogn og Fjordane as»

(BRUK BLOKKBOKSTAVAR)

Teikningsfrist: 20. desember 2017.

..... ynskjer å teikneaksjar á kr 10.000,- totalt
kr..... Pålydande er kr 10.000,- pr. aksje.

Kjøpet er bindande ved underskriving av teikningsblankett. Innbetalingsfristen vert fastsett etter teikningsfristen.

Teikninga skjer i form av:

- Kontantar/overføring i bank til konto som vert kunngjort seinare
- Tinginnskot (verdi fastsett av

Styret i Kaupus as har rett til å stryke eller redusere min/vår teikning utan særskilt grunngeving.

Tildeling, kontonummer og frist for innbetaling vil bli varsla kort tid etter teikningsfristen er ute.

Stad og dato:

Underskrift

Namn:

Adresse:

Post nr: Stad;.....

Telefon:

E-post:

Person-/føretaksnummer :.....

**Vedlegg 3: Liste over inviterte**

Org/verksemd	Ynskja tal aksjar
Sogn og Fjordane fylkeskommune	105
Nærings- og næringslivsorganisasjonane	45
Høgskulen på Vestlandet	23
Vestlandsforskning	23
Sogndal kommune - vertskommunen	45
Høyanger kommune	15
Vik kommune	12
Balestrand kommune	9
Leikanger kommune	11
Aurland kommune	10
Lærdal kommune	11
Årdal kommune	18
Luster kommune	17
Flora kommune	10
Gulen kommune	10
Solund kommune	10
Hyllestad kommune	10
Askvoll kommune	10
Fjaler kommune	10
Gaular kommune	10
Jølster kommune	10
Førde kommune	10
Naustdal kommune	10
Bremanger kommune	10
Vågsøy kommune	10
Selje kommune	10
Eid kommune	10
Hornindal kommune	10
Stryn kommune	10
Gloppen kommune	10

Minimumsteikning er 5 aksjar.

Vedlegg 4: Forretningsplan I



Vitensenteret i Sogn og Fjordane

Forretningsplan I

Godkjent i Referansegruppa 24. oktober 2017



Innhald:		
1	Føreord	10
2	Samandrag	11
3	Forretningsidé	12
4	Marknaden	15
5	Organisering og eigarskap	20
6	Tomt og bygg	22
7	Driftsmodell	24
8	Økonomi	27
9	Risikoanalyse	33
10	Vegen vidare	35
11	Vedlegg:	36
12	Figurar og tabellar	40



1 Føreord

På oppdrag frå Kaupanger Næringsforening laga Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane i september i 2016 ein moglegheitstudie for næringsutvikling på Kaupangerskogen i Sogndal kommune.

For å konkretisere planane om eit Vitensenter og sambruk med vidaregåande skule skipa Kaupanger Næringsforening i desember 2016 eit eige selskap «Kaupus as»

Våren 2017 utvikla vi eit konsept/idegrunnlag for eit Vitensenter i Sogn og Fjordane med eit signalbygg - sentralt i Sogn og på eit aktivt næringsområdet – i sambruk med Sogndal vidaregåande skule si nasjonale line for Transport og Logistikk. Referansegruppa godkjente i juni 2017 ei skisse til løysing (konseptval).

Styrings- og referansegruppa gjennomfører no eit forprosjekt for Vitensenteret. Det er utvikla i tett samarbeid og dialog med utdanningsinstitusjonane, kompetansmiljøa, skuleeigarane, ålmenta, nærings- og reiseliv og fylket/regionen.

Arbeidet vert avslutta i desember 2017, med ein forretningsplan II og ein hovudprosjektplan. Det vert då teke avgjer om eventuelt å gå vidare, gjennom å skipe ei juridisk eining og gjennomføre ein retta emisjon mot framtidige eigarar.

Hovudprosjektet vil i så fall starte våren 2018, med ny heiltids tilsett prosjektleiing. Ho/han vil verte den framtidige leiar i selskapet og skal følgje bygginga, ta ansvar for utviklinga av innhaldet og førebu drifta.

Meir informasjon om arbeidet og relevante dokument ligg på <http://kaupus.no>

Denne forretningsplanen (I) vender seg til potensielle eigarar, sponsorar, brukarar og samarbeidspartnarar. Føremålet er å forankre ideen og løysingane betre.

I tillegg er det eit varsel om kva som er venta av dei ulike aktørane i tida som kjem.

Tor Arne Ness
Kaupus as
Prosjekteigar

Jan Øhlckers
Vidsyn rådgivning as
Prosjektleder

2 Samandrag

Å etablere eit nytt regionalt vitensenter er ei krevjande og kompleks prosess. Mange aktørar og grupperingar har samanfallande interesser, men ulikt perspektiv og ulik evne og motivasjon til å delta. Forretningsplan I er meint å samle trådane og bidra til å avklare forventningane til alle desse grupperingane.

Vellukka gjennomføring er avhengig av tilsegn frå alle interessegruppene og at dei fleste komponentane fell på plass, før det vert teke avgjer om å skipe ei juridisk eining. Vi må ha monaleg redusert risiko for å gå vidare med hovudprosjektet og reising av bygget.

Den viktigaste føresetnaden er at senteret får mange nok brukarar i dei mest aktuelle målgruppene.

Marknaden er vurdert utifrå dei andre sentra i landet og liknande attraksjonar her i fylket. Fritidsmarknaden vil etter kvart kunne kompensere for at vi har eit lågt innbyggjartal i eit naturleg oppland. Men utan god oppslutnad frå barnehage- og skuleeigarane, særleg i Sogn region vil det ikkje vere forsvarleg å gå vidare med planane.

Det vert tilrådd å skipe eit aksjeselskap seint i 2017 eller tidleg i 2018, gjennom ein retta emisjon. Aksjekapitalen er sett til 3 mill. kr og føresetnaden er at det offentlege Sogn og Fjordane tek ei dominerande rolle. Det ligg føre skisse til fordeling mellom interessegrupperingane i planen.

Samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune har klarlagt at det er realistisk å planlegge sambruk med landslina for Transport og Logistikk på tomte på Kaupanger. Fylkeskommunen tek sikte på å bygge og leige ut eit areal til Vitensenteret. Fylkesrådmannen har så langt skissert eit anleggsbidrag på 20 mill. kr for å redusere husleiga.

Driftsmodellen er som for dei andre vitensentra. Det er i planen teke inn tal for forventa bruk.

Driftsøkonomien er som i dei andre sentra i Vitensenterprogrammet, med tilskott/bruksinntekt frå skuleeigarane, eigne inntekter (utleige og fritidsmarknaden), statleg tilskot og sponsorinntekter. P.g.a. plasseringa er det venta ei noko høgre inntekt frå reiselivet/fritidsmarknaden. I tillegg til aksjekapitalen og ordinære driftsinntekter er det trong for eingongsinvesteringar i innreing og utvikling av stasjonar og eigna undervisningslokale.

Hovudprosjektet – med detaljplanlegging og bygging - er tenkt frå 2018 – 2020, med opning av senteret ved skulestart i 2020.

Risikoanalysen syner at det er tre føresetnader som må på plass:

- Stabil driftsøkonomi
- Barnehagane og skulane må legge besøk inn i sine lokale rammeplanar
- Skuleeigarane og kompetansmiljøa må inn på eigarsida



3 Forretningsidé

3.1 Mål og målgruppe

Målet er å etablere og drive eit vitensenter på Kaupanger i Sogndal kommune.

Senteret skal vere forankra i Norsk Forskingsråd sitt Vitensenterprogram. Det skal vere eit populærvitskapeleg opplevings- og læringscenter innanfor naturvitskap, matematikk og teknologi (NMT-faga) der dei besøkande lærer ved å eksperimentere sjølve.

Målgruppa er:

- Barnehagar med barn, barnehagelærarar og føresette
- Skoleverket med lærarar, elever og føresette
- Ålmenta med familiar og andre som ynskjer å besøke eit vitensenter i fritida

Skuleeigarane må legge besøk ved senteret inn i dei lokale ramme- og opplæringsplanane.

Senteret skal ha kompetanse i interaktiv formidling og vere ein ressurs innanfor barnehage-, lærar- og dei teknisk-naturvitskapeleg utdanningane.

3.2 Forankring

Internasjonalt

Ecsite² er den europeiske organisasjonen for vitensenter. 220 vitensentra er tilslutta organisasjonen som medlemmar.

Nasjonalt

I Noreg er ideen er forankra i "Tett på realfag" – Kunnskapsdepartementets realfagsstrategi for realfag i barnehage og grunnsopplæring (2015 - 2019) og Vitensenterprogrammet i Forskingsrådet og «Strategi for Vitensentrene (2016 - 2019)»³.

Læreplanar og rammeplanar i barnehagar, grunnskule og vidaregåande skule har relevante kompetansemål, innanfor naturfag, matematikk, teknologi og innovasjon/entreprenørskap.

Vi har i dag 10 vitensentra i Noreg.

Dei hadde i 2016 samla 906 286 besøk. 57 % var barn. I løpet av året har dei levert over 14 000 undervisningstimar til nesten 178 000 elever og lærarar. Undervisninga er fagleg forankra i gjeldande lære- og rammeplanar.

Alle vitensentra har tilbud for skulane i sin region, og dei fleste har på plass skriftlege avtaler med aktuelle kommunar. Formidlinga skjer anten i lokala til vitensentra eller gjennom vitensentra sine oppsøkande aktivitet ute i regionen.

Tilbakemeldingane frå lærarane syner at vitensentra er ein læringsarena som skaper realfagsglede og at vitensentra er eit viktig supplement til undervisningsløpet i realfag.

² <http://www.ecsite.eu>

³ Meir informasjon om programmet på <http://www.vitensenter.no>

Samarbeid og regionalt ansvar

I dag har VilVite-senteret i Bergen eit ansvar og for Sogn og Fjordane. Det er krevjande å dekke frå Bergen. Vi har difor etablert eit tett samarbeid med VilVite dette året. Det er semje mellom oss om at senteret her i fylket skal stå organisatorisk og økonomisk på egne bein, men vi er sikra eit tett fagleg samarbeid med VilVite.

Regional forankring

Vi har halde ei rad orienteringar og gjennomført sonderingar regionalt og lokalt, med næringsliv, FoU og utdanningsinstitusjonar og offentlege styresmakter. Det er signert intensjonsavtalar med:

- Skuleeigarane (Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogndal kommune (vertskommunen) og Sogn regionråd)
- Forskings- og utdanningsmiljøa (Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning)
- og VilVite i Bergen.

Ei lang rekke store og små verksemder over heile fylket har teikna seg eller signalisert interesse for å gå inn som sponsorar eller stille ressursar til rådvelde.

3.3 Bodskapen – Alternativ læringsarena

Å søke utfordringar og meistre ligg i vår natur. Vi er nysgjerrig og ynskjer å søke kunnskap; systematisere den, sjå etter mønstre og samanhengar. Motivasjon er avhengig av kva vi tenker om oss sjølve, våre evner og kva vi får att for å nå læringsmål.



Senteret skal appellere til det tenkande, skapande og sosiale mennesket ved å stimulere til indre motivasjon for læring.

Oppgåva blir å utvikle og designe lokale, utstilling, stasjonar og oppgaver slik at særleg barn og ungdom blir stimulerte til aktivt å søke meir kunnskap innanfor fagområda.

Slik skal besøket bli både sosialt, emosjonelt og kognitivt engasjerande og nyttig.

Figur 1 WOW!!

3.4 Unik profil og innhald med regional relevans

Senteret skal ha eit unikt innhald med regional relevans, der både skuleeigarar, viktige næringar, større institusjonar og verksemder kjenner seg att.

Vi har samla oss om desse naturbaserte tema (**REINT**):

- **R**eiseliniv – fjord, bre, fjell og hav
- **E**nergi - fornybar
- **I**ndustri og ny teknologi
- **N**æringsmiddel- og matproduksjon
- **T**ransport og miljø



3.5 Samfunnsnytte

Reint

Klima, miljø, fornybart og gjenbruk vil stå sentral. Det gjeld alt frå utforming av bygg/installasjonar, val av tema/innhald og til drift.

Ålmenn nytte

Senteret skal vere mest mogeleg ope og tilgjengeleg for alle. Drifta vil vere «non-profit» og eventuelt overskot skal gå til å styrke verksemda og vidareutvikle ideen.

NMT-faga og lærarutdanninga

Senteret skal vere ein ressurs for barnehage-, lærar- og dei teknisk-naturvitskapeleg utdanningane. Særleg gjeld det som alternativ læring, sosialt, emosjonelt og kognitivt.

Det vil styrke NMT-faga og entreprenørskap - både for lærarar og elevar.

Samarbeid og synergi

Aktiviteten skal auke samarbeidet mellom kompetansemiljøa og næringslivet sin FoU-aktivitet. I så måte vil det bidra til nettverksbygging i heile regionen. Det vil igjen få følgjer for næringsutvikling og rekruttering.

Reiseliv

Senteret blir ein natur- og kunnskapsbasert attraksjon. Det skal bidra til at tilreisande får lengre opphaldstid og til meir aktivitet i skuldresesongen. Det vil òg kunne støtte opp under og utvikle samarbeid med andre reiselivsprodukt, t.d. ved å ta ansvar for eit nettverk av formidlingsattraksjonar.

Arbeidsplassar

Det vil tilføre regionen nokre fleire kompetansearbeidsplassar og aktivitet.



4 Marknaden

Omlandet/ besøkspotensialet synes lite samanlikna med etablerte regionale vitensenter. Fritidsmarknaden knytt til reiselivet er venta å kunne kompensere for dette etterkvart.

I hovudprosjektet må vi gjennomføre konkrete marknadsvurderingar. Så langt er det naturleg å sjå på besøkstal ved andre vitensenter og andre attraksjonar i regionen.

4.1 Marknadsvurdering

Marknaden har fleire segment.

Det viktigaste segmentet er barnehagar og skular i heile fylket, men med tyngdepunkt i Sogn.

Heile fylket vil vere nedslagsfeltet, men bruken av senteret frå skular i Sunnfjord og Nordfjord vil i stor grad vere avhengig av korleis transporten blir organisert og finansiert. I tillegg vil kombinasjonar med besøk til andre attraksjonar telje inn.

Men fritidsmarknaden er òg eit viktig segment. Her er det ein internasjonal, nasjonal og lokal marknad.

Samarbeidet med reiselivsaktørar i regionen og lokaliseringa ved Rv. 5 med tilknytning til aust-vestsambandet (Rv. 7 Gol – E 39 Skei) gir dette segmentet ein klar oppside.

Til samanlikning har nokre av dei andre sentra i regionen slike besøkstal⁴, i hovudsak i fritidsmarknaden:

Tabell 1 Besøkstal, andre sentra i regionen

Besøkssenter	Ope	Besøkande 2016	Inngang kr/pers
Norsk Bremuseum, Fjærland	April – okt. dagleg	70 000	Vaksne 120, born 60
Breheimsenteret, Jostedalen	Mai – sept. dagleg	30 000 Brevegen 50 000	Vaksne 70, born 40
Jostedalsbreen nasjonalparksenter, Stryn	Mai – sept. dagleg	50 000	Vaksne 100, born 50
Norsk Villakssenter, Lærdal	Mai – sept. dagleg	10 000	Vaksne 90, born 60
Stavkyrkjemuseet, Lærdal	Mai – sept. dagleg	35 000 100 000 stopp	Vaksne 90, born 70
Sogn Folkemuseum, Heibergske samlingar	Heile året	23 500	Vaksne 80, born 30

Det ligg diverre ikkje føre oppdaterte tal for dei andre vitensentra. Dei siste tala er frå 2011, men totalt besøk har auka monaleg etter det. T.d. hadde VilVite i Bergen 119 716 besøkande i 2016 mot 116 060 i 2011.

Av desse er berre 393 frå Sogn og Fjordane og av desse igjen er 190 frå kommunane i Sogn region.

⁴ Ca. tal

Tabell 2 Organisert besøk frå skular i Sogn og Fjordane i VilVite. 2016.

2016 - Totalt besøk	Tal besøk	Tal elevar	Totalt
Askvoll			
Holmedal montessoriskule	1	5	6
Aurland			
Flåm skule	1	21	26
Aurland barne- og ungdomsskule	1	20	22
Flåm Barnehage	1	5	8
Balestrand			
Sygna vidaregåande skule	1	9	11
Førde			
Førde mottakssenter- HERO	1	40	44
Flora			
Krokane skule	1	32	35
Gulen			
Brekke skule	1	30	33
Hyllestad			
Hyllestad skule	1	15	18
Høyanger			
Høyanger skule	2	46	51
Bjordal skule	1	33	36
Luster			
Hafslo barne- og ungdomsskule	1	29	35
Gaupne skule	1	20	23
Dale skule	1	9	11
Indre Hafslo oppvekstsenter	1	6	8
Sogndal Kommune			
Norane skule	1	7	9
Fjærland skule	1	6	8
Vik			
Vangnes skule	1	7	9
Totalsum	19	340	393

Av dei andre sentra i landet er det Vitensenteret Innlandet som er mest nærliggjande å samanlikne seg med.

Tabell 3 Besøktal andre sentra (2011)

Senter	Besøktal
Nordnorsk vitensenter, Tromsø	27 291
Vitensenteret i Trondheim	72 362
VilVite, Bergen vitensenter AS	116 060
Vitensenteret i Jærmuseet	126 635
INSPIRIA science centre	51 500
Vitensenteret Innlandet	43 300
Oslo Vitensenter (Teknisk museum)	260 889



4.2 Mål- og brukargrupper

Målgruppene er i all hovudsak fastsett gjennom Kunnskapsdepartementet sitt engasjement og Forskningsrådet sin strategi for vitensentra.

Hovudmålgruppe - Skuler og barnehagar

Den primære målgruppa er barn i barnehagar og skulebarn- og ungdom t.o.m. vidaregåande skule.

Høgskulen og forskingsinstitusjonar

Vitensenteret skal vere ein ressurs for høgare utdanning, særleg innanfor barnehage-, lærar- og dei teknisk-naturvitskapeleg utdanningane. Forskinga vil dessutan få ein arena for fagleg formidling og rekruttering til relevante utdanningsretningar.

Fritidspublikum - Turistar

Den sentrale plasseringa langs rv. 5 i det best kjente fjordlandskapet i landet gjer at det er realistisk å vente meir fritidspublikum og turistar enn kva som er vanleg i slike sentra. Inntektene frå denne målgruppa vil ha store sesongvariasjonar, men vil samstundes vere eit viktig bidrag i driftsøkonomien.

Verksemder

Makers Space, Smarthus, Startup-lab mm. stimulere gründerar og næringsliv til innovasjon og produktutvikling.

Organisasjonar og lag

Sambruk med fylkeskommunen si line for transportfag, Makers Space og Smarthus o.l. vil trekke andre brukargrupper både til sjølve senteret og bruk av lokale som kantine, møterom mv.

4.3 Kjøpskriteria

Barnehagar og skular

For barnehagar og skuler vil gode transportløyisingar og skuleeigars vilje og evne til å inngå avtaler med senteret vere avgjerande.

Vi har tatt utgangspunkt i Sogndal kommune sin budsjettmodell, der årsverknaden av ein undervisningstime (60 minutt) i grunnskulen er vurdert til om lag kr 40 000 (vert årleg justert for løns- og prisvekst). Vi legg til grunn at Vitensenteret i Sogn og Fjordane kan ha 2 grupper pr. dag i totalt 5 timar (om lag frå kl. 09.15 – kl. 14.15), det vil seie at det er totalt 10 grupper i løpet av ei veke. Vi meiner at det vil vere tenleg at ei gruppe som kjem til Vitensenteret er der heile dagen og får realfagsundervisning i bolkundervisning.

Vi vurderer det slik at dei skuleeigarane som ikkje går inn på ein langsiktig avtale, men heller kjøper tilfeldige dagar må betale noko meir pr. dag, og vi har difor lagt til grunn ein dagskostnad på kr 8 000 for ein dag med undervisningsopplegg for gjesteklassar. Det vil truleg for det meste gjelde klassar frå skuler utanfor Sogn region.

Ein undervisningstime i vidaregåande er dyrare enn ein grunnskuletime, og det er difor estimert noko høgare inntekter frå sal av timar til vidaregåande opplæring. Barnehage er lagt til grunn at betalar det same som grunnskular.



Eit skuleår er 38 veker, og det er lagt til grunn sal av 10 dagar med grupper i alle desse vekene. Totalt er det altså 380 dagar som kan seljast av Vitensenteret i Sogn og Fjordane i skuleåret.

I premissen for fordeling av desse dagane har vi lagt til grunn at dei kommunane som ligg nærast senteret vil kunne nytte det mest. Det vil seie at Sogndal kommune er lagt inn med høgast bruk, deretter kjem Luster og Leikanger. Lærdal, Årdal, Aurland, Vik, Balestrand og Høyanger er lagt inn med ein flat låg bruk. Sidan Sogndal er nærast og vil ha mest «lågterskel» nytte, er det lagt inn ein noko høgare kjøpssum for Sogndal sine to dagar enn dei andre kommunane. I dette ligg mellom anna større moglegheit til å ha noko lengre dagar enn det som elles er føresett.

Vi legg vidare til grunn at ein kan selje grupper til SFO i totalt 5 ferieveker i løpet av eit år, totalt 25 dagar med to parallelle grupper, altså totalt 50 grupper.

Samla sal av desse tenestene vert kr 2 600 000, som samsvarar med budsjettet for senteret.

Anna offentleg kjøp

Det er aktuelt med sal av tenester til undervisning på ettermiddag, men dette er truleg av avgrensa omfang.

I tillegg vil det vere relevant å vurdere om eit nytt Vitensenter i Sogn og Fjordane kan nyttast som spydspiss i Sogn regionråd si satsing på skule, då særleg retta mot realfag. Dette vil kunne vere ein av måtane vi kan vidareføre system for styrka læring. I tillegg er det fleire nasjonale satsingar som går på kompetanse, t.d. realfagskommune og styrka satsing på kompetansemidlar gjennom Fylkesmannen.

Realfagkommunar

Pr. i dag er det 32 kommunar nasjonalt som er realfagkommunar, derav Flora i vårt fylke. Realfagskommunane må forplikte seg til å utvikle ein lokal realfagsstrategi med politisk forankring, mobilisere barnehagelærarar og/eller lærarar i grunnskulen til å delta i lokale nettverk i realfag, leie og drifte nettverk, rapportere på bruk av midlar og resultat knytt til mål og innsatsområde i den lokale realfagsstrategien og å stille arbeidet med realfag til disposisjon for forskning tilknytt satsinga. I satsinga får ein ei fagleg støtte frå UH-sektoren og ei økonomisk støtte til utviklingsarbeid i lokalt nettverk. Vitensentra er nemnt i rammeverket for realfagskommunar som ein ressurs.

I statsbudsjettet for 2018 er det sagt at satsinga på realfagskommunar⁵ skal vidareførast, og vi bør sjå om det er mogleg å samkøyre hovudprosjektet med ei satsing på Sogndal eller fleire kommunar i Sogn som realfagskommunar, der etableringa av drift av nettverk vert gjort gjennom Vitensenteret i Sogn og Fjordane, med tett samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Dette vil kunne vere ein måte å bidra til å finansiere opp hovudprosjektet.

Nettverk i fylka

Kunnskapsdepartementet vrir no sin strategi for kompetansemidlar får nasjonale satsingar til lokale satsingar i nettverk i fylka. I Sogn og Fjordane er det signal om at opptrappinga vil ende på ei ramme på om lag 10 mill. kr til fordeling i kommunane i fylket for kompetanseheving for lærarar i grunnskulen.

⁵ Les meir om realfagskommunar: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/nasjonale-satsinger/realfagsstrategien/rammeverk/>

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ynskjer at fleire kommunar samarbeider, og nettverkstankegangen er sentral. Føresetnaden for tildeling av midlar er at vi knyter eit formalisert samarbeid med UH-sektoren for å kjøpe deira kompetanse. Det kan vere interessant å sjå på moglegheita for eit samspel mellom Sogn regionråd, Høgskulen på Vestlandet og Vitensenteret i Sogn og Fjordane for samarbeid om kompetanseheving for lærarar i regionen.

Fritids- og utleigemarknaden

I fritidsmarknaden vil pris og pakketilbod i reiselivsnæringa regionalt vere avgjerande.

Utleigemarknaden er meir lokal. Fleire av dei lokale verksemdene er venta å gå inn som sponsorar med rett til gratis bruk på visse vilkår.

4.4 Besøktal

Driftsøkonomien er basert på følgjande besøktal ved stabil drift.

Tabell 4 Estimat på besøktal etter segment

Segment	Personar
Barn, elevar og studentar	12.000
Fritids/reiselivsmarknaden	23.000
Bedrifter og arrangement	5.000
Totalt estimat	40.000

4.5 Marknadsutsikter

Det er venta at besøktala frå barnehagar og skular vil halde seg uendra når vi er i stabil drift. På sikt er det sannsynleg at fritid/reiselivsegmentet vil verte ein aukande del, om vi får til god drift.

4.6 Marknadsføringstiltak - marknadsplan

Formidling og kommunikasjon

Vi vil skape ein unik identitet («branding») som underbygger *REINT* som tema og profil. I tillegg vil vi tilpasse kommunikasjon og marknadsføring til dei ulike brukargruppene. Særleg gjeld det kontakten med skulane og reiselivet.

Digitalisering med bruk av heimesida og sosiale media vil her stå sentralt.

Tabell 5 Marknadsplan

Marknadsaktivitet	Mål med aktiviteten	Tidsperiode
Skuleeigarar/Rektorar	Motivere. Få Vitensenteret inn i lokale ramme- og opplæringsplanar og budsjett	2017 – 2020
Reiselivet	Motivere til bruk. Inn i pakker	2018 – 2020
Utleige	Produktutvikling. Marknadsføring	2019 - 2020

5 Organisering og eigarskap

5.1 Organisering

Ulike selskapsformer

Vitensentra i Noreg har til vanleg tre ulike selskapsformer; stifting, aksjeselskap eller integrert del/avdeling av eit museum, universitet eller kommune. I alle tre står fylkeskommunen og verts- og regionkommunane sentralt som eigarar, men kompetansemiljøa, næringsliv, organisasjonar og private deltek.

Tabell 6 Senter, organisasjonsform og deltaking

Senter	Eigarar/stiftar
Nordnorsk vitensenter, Tromsø	Stifting - NHO, Tromsø kommune, Troms fylkeskommune, Universitetet i Tromsø m. fl
Vitensenteret i Trondheim	Stifting - Sør-Trøndelag fylkeskommune, Trondheim kommune, NTNU, banker, energiselskap, fagforeiningar, private mm.
VilVite, Bergen vitensenter AS	Aksjeselskap - Hydro gjekk inn med 100 mill. Bergen kommune (29,56 %) Hordaland fylkeskommune (19 %) Universitetet i Bergen (19 %) Høgskolen i Bergen (19 %) Bergen Næringsråd (0,76 %) Bergen Børsfond (8,45 %) Kaffehuset Friele (4,22 %)
Vitensenteret i Jærmuseet	Stiftinga Jærmuseet er eit eige rettssubjekt stifta av kommunane Gjesdal, Hå, Klepp, Randaberg, Sandnes, Sola og Time.
Vitensenteret Sørlandet	Avdeling i Arendal kommune - organisasjonsform under vurdering
DuVerden - Vitensenter og sjøfartsmuseum	Aksjeselskap - 60 % av Telemark museum 40 % av TEKNA
INSPIRIA science center	Aksjeselskap - 47,5 % av Sarpsborg kommune, 47,5 % av Østfold fylkeskommune, og 5 % av andre Østfoldkommunar
Vitensenteret Innlandet	Aksjeselskap - Eidsiva, Mjøs-muséet, Moelven, Nammo, NTNU, Oppland Arbeiderblad
Vitenparken Campus ÅS	Stifting – NMBU m. fl.
Oslo Vitensenter (Teknisk museum)	Del/avdeling av Teknisk museum

5.2 Aksjeselskap

Vi meiner aksjeselskap er den mest fornuftige organisasjonsforma. Vi får ein sjølvstendig juridisk eining. Det meste er lovregulert. Det er godt innarbeida reglar og rutinar. Styring og ansvar er vel kjent. Samstundes gir løysinga naudsynt fleksibilitet.

Kapital

Det er i intensjonsavtalane med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Vestlandsforskning, Høgskulen på Vestlandet, Sogndal kommune og Sogn regionråd teke inn at dei skal vurdere eigarskap hausten 2017.

Det er naturleg at både næringslivsorganisasjonar, kompetansemiljøa og skuleeigarane går inn på eigarsida.



Kapitalen må vere stor nok til at verksemda har rygg til å komme over i stabil drift, dvs. at det er naudsynt å tole underskot i dei fyrste par åra.

Samstundes må den vere så låg at dei vi ynskjer skal gå inn som eigarar, ikkje opplever sjølve summen som for avskrekkande.

5.3 Nytt selskap – retta emisjon

Kaupus as er eigd av Kaupanger Næringsforening og skipa for å gjennomføre forprosjektet. Det er difor naudsynt å skipe eit nytt selskap. Vi inviterer i november til ein retta emisjon med slik fordeling på dei mest sentrale aktørane:

Tabell 7 Fordeling av aksjekapital

AS-kap.	Fordeling	kr 3 mill.
Næringslivet	10 - 15 %	kr 450 000.00
Kompetansmiljøa	10 - 15 %	kr 450 000.00
Sogndal kommune - vertskommunen	10 - 15 %	kr 450 000.00
Skuleeigarar – kommunane/SR	30 - 35 %	kr 1 050 000.00
Fylkeskommunen	30 - 35 %	kr 1 050 000.00
		kr 3 450 000

Prinsippet her at ingen får reint fleirtal.

Fordelinga mellom kommunane er halvparten fast og den andre halvparten pr. innbyggjar.

Tabell 8 Fordeling mellom kommunane i Sogn regionråd

Kommunefordeling	SSB - 2K2017	Om lag 1 mill. kr
1416 Høyanger	4202	kr 150 000
1417 Vik	2709	kr 120 000
1418 Balestrand	1291	kr 90 000
1419 Leikanger	2337	kr 110 000
1421 Aurland	1791	kr 100 000
1422 Lærdal	2156	kr 110 000
1424 Årdal	5339	kr 180 000
1426 Luster	5167	kr 170 000
	24992	kr 1 030 000

Dei andre kommunane i fylket vert invitert til å delta med kr. 100 000 kvar. Minimum teikning vert sett til kr 50 000.

5.4 Namn

Den er naturleg å nytte eitt korrekt namn på den juridiske eininga, «Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS» i samband med emisjonen og skipinga i 2017/18 og eit kortar, meir marknadstilpassa namn på sjølve signalbygget når det kjem.

Det er mogleg å gjennomføre namnekonkurranse på bygget i hovudprosjektet (2018-20), når utforminga av bygget er meir klarlagt.

6 Tomt og bygg

6.1 Tomt og arealbruk

Dialogen med fylkeskommunen har klarert den mest aktuelle tomta på Kaupangerskogen. Den ligg lett tilgjengeleg på den indre nord – syd aksen i fylket, på Kaupangerskogen på rv. 5 mellom Sogndalsfjøra og Manheller ferjekai. Det er rekna med monaleg auke i trafikken etter kvart som ferjefri E39 nord for Skei, ev. ny bru mellom Fodnes og Manheller og ny rv. 52 Hemsedalsfjellet blir ferdig.

Arealet er fordelt på to g. og br.nr. og er samla om lag 10,55 mål.

Tabell 9 Tomta

G. br.nr.	Areal m ²
105/252	7 338,9
105/81	3 217,4

Eigedomstilhøve

Fylkeskommunen eig både eigedomane. Det er naturleg at dei held fram som eigar. Dei planlegg no å reise eit felles bygge med vidaregåande skule og leige ut eigna lokale til senteret.

6.2 Idéskisse

Fylkeskommunen sin arkitekt har laga ein idéskisse. Det er viktig å vere merksam på at både utforming og løysing på tomta kan endre seg monaleg i hovudprosjektfasen.



Figur 2 Idéskisse Signalbygg

6.3 Romprogram

Sambruk med SVGS si line for Service og Transport vil gje synergjar når det gjeld arealbruk.

Hovudprosjektet må avklare hovudtrekka i romprogrammet og sambruk med vidaregåande skule, teknisk laboratorium, «Makers Space», Smartbygg mm.



Sett i høve til andre sentra det er naturleg å samanlikne med er om lag 2.200 m² eit sannsynleg behov, fordelt på:

Tabell 10 Førebels romprogram

Føremål	m ²	Sambruk	Merknad
Entre/kafé/kantine/butikk	200	Felles	
Klasserom/laboratorium	150	Noko felles	
Auditorium	150	Felles	70 personar
Møterom 2 stk.	30	Felles	Kapasitet 12/6
Garderobe/matpakkerom	100	Noko felles	
Samla felles bruk	630		Sambruk og fleksibilitet
Temautstillingar/aktivitetar	400		
Faste installasjonar	800		Medrekna Smartbygg 2 emnar 100 - 150m ² – medrekna 3D mini auditorium
Administrasjon	50		8 kontorplassar
Makers Space næring/barn	300	Noko felles	Skaparplass – verkstad
Berre vitensenter	1 550		
Parkeringsbehov buss/bil			
Totalt arealbehov:	Omlag 2.200		

Areal pr. elev i klasserom: 2,5 m² og kontorplass pedagogar: 6 m²

Sambruk med vidaregåande skule og felles bruk av funksjonar vil kunne gje både auka fleksibilitet og synergjar/innsparingar i rombehov.



7 Driftsmodell

7.1 Opningstider

Hovudaktiviteten blir på dagtid, med besøk av skuleklassar og barnehagar. Utleigedelen må ha meir fleksibel opningstid. Det må og vere mogeleg å ha andre opningstider i turist-sesongen, høgtider m.m.

7.2 Priser

Normal prising for enkeltbillett ved vitensentra ligg rundt kr 80 – 100, men med familie- og grupperabattar. For skuleklassar og barnehagar vil samarbeidsavtalane med skuleeigarane vere avgjerande for kor mykje som vert betalt i generelt tilskott og for bruk.

7.3 Drift av bygning

Løysinga med fylkeskommunen som eigar av både tomt og bygg gjer det naturleg at drift og vedlikehald av lokala skjer etter avtale med fylkeskommunen si bygg- og eigedomsavdeling.

7.4 Utstilling

Det eksisterer ein marknad for hyllevare når det gjeld stasjonar i utstillingane. Det er òg naturleg å låne/overta stasjonar og element frå VilVite i Bergen og ev. andre sentra. Det er likevel viktig å ta vare på eige design og særpreg. Samarbeidet med VilVite i Bergen vil sikre kvaliteten i dette arbeidet, særleg i dei fyrste åra.

Fornyng og vidareutvikling av utstillingane vil krevje «kurator»-kompetanse. Det er eit sentralt grep for å sikre gjenbesøk.

7.5 Administrasjon – fagstab

Sett i høve til andre sentra det er naturleg å samanlikne seg med er det rimeleg å rekne med 12 - 20 tilsette, fordelt på 7-10 årsverk.

7.6 Barnehage- og skulesamarbeid

Ulike pakkar

Til barnehage og skule vil vi tilby ulike pakkar, slik andre vitensenter òg legg opp til. Dei yngste vil kunne delta i læringsprogram og/eller utforske utstillingane. Dei litt eldre vil i tillegg kunne prøve ut temaløyper og meir avanserte utstillingar.

Elementa vi legg opp til i planlegging av eit besøk, gjennomføring og etterarbeid, er todelt og krev innsats frå både partar.

I tabellen under er det synt ei tenkt fordeling av kapasiteten og bruken av senteret. Dette syner premissane som kan leggjast til grunn, og ei fordeling på kommunenivå.

Vi ser det også som ein aktuell modell at skulane kan bruke av sine kompetansemidlar til å late lærarar vere med på det faglege opplegget på Vitensenteret og få inspirasjon til eiga undervisning. Viss det er ynskjeleg å ha med lærar under transport, men fristille vedkomande under opplegget på senteret, vil senteret kunne stille arbeidsplass til disposisjon til lærarar som treng å jobbe med anna arbeid.

Det vert jobba med lokal (kommunevis) sponsing av skyssen til og frå senteret, slik at det skal vere mest mogleg realistisk å faktisk kunne gje denne typen innsparing for den einskilde kommune.

Tabell 11 Tenkt bruk frå Sogn region. Døme.

Grunnskule	Bruk i dagar i snitt pr. veke	Bruk i dagar på årsbasis	Bruk pr. klasse	Kostnadar i kjøp
Sogndal kommune	2 dagar	76 dagar	1,7 dag pr. klasse	550 000
Luster kommune	1,25 dagar	47 dagar	1,3 dag pr. klasse	250 000
Leikanger	0,75 dag	28 dagar	1,4 dag pr. klasse	150 000
Lærdal kommune	0,5 dag	19 dagar	1,5 dag pr. klasse	100 000
Aurland kommune	0,5 dag	19 dagar	1,5 dag pr. klasse	100 000
Balestrand kommune	0,5 dag	19 dagar	1,7 dag pr. klasse	100 000
Høyanger kommune	0,5 dag	19 dagar	0,8 dag pr. klasse	100 000
Vik kommune	0,5 dag	19 dagar	1 dag pr. klasse	100 000
Årdal kommune	0,5 dag	19 dagar	0,7 dag pr. klasse	100 000
Andre kommunar	1 dag	38 dagar	Alle skular i fylket elles.	300 000
Sum kjøp grunnskule				2 050 000
Barnehage	Bruk i dagar i snitt pr. veke	Bruk i dagar på årsbasis	Bruk pr. barnehage i regionen	Kostnadar i kjøp
Barnehagar	1 dag	38 dagar	0,75 pr. barnehage (51 barnehagar i regionen, av desse 5 private)	200 000 (3 900 pr. barnehage i snitt)
Vidaregåande opplæring	Bruk i dagar i snitt pr. veke	Bruk i dagar på årsbasis		Kostnadar i kjøp
Årdal vgs, Sogndal vgs, Sygna vgs og Sogn jord- og hagebruksskule, Høyanger vgs.	1 dag	38 dagar		300 000
SFO	Tilgjengelege veker i ferie	Bruk i dagar på årsbasis		Kostnadar i kjøp
SFO	5	50 dagar		250 000
SUM OFFENTLEG KJØP				Kr. 2 600 000

Det er gjennomført ei kartlegging blant rektorar, barnehagestyrarar og barnehage/skulefagleg ansvarlege i kommunane. Så godt som alle (95 %) av dei som svarte⁶ er positive og ynskjer å legge dette inn i dei lokale årsplanane. Samstundes peiker alle på at dekking av transport og den kommunale økonomien er kritiske faktorar.

7.7 Høgskulen

Høgskulen på Vestlandet (HVL) kan ha ulike roller inn i Vitensenteret. Det kan bli ein viktig formidlingsarena for MNT-faga knytt til både lærarutdanninga og andre teknisk-naturvitenskaplege utdanningar. Det kan også bli ein innovativ praksisarena for studentar i barnehage- og lærarutdanninga, inkludert forskingsaktivitet på læring ved slike arenaer. Femårig masterutdanning for lærarutdanning gjev opning for å utvikle slik forskingsaktivitet vidare. For Vitensenteret og for HVL blir det viktig å få engasjert fagmiljøa.

⁶ 19 av 74



Ein eigarskapsmodell er at HVL går inn med eit årleg bidrag som vert øyremerka til dei fagmiljøa som skal spele ei rolle på Vitensenteret.

7.8 Brukardialog

Dialogen med skulane – både leiinga og lærarar – blir viktig. Det er naturleg alt i hovudprosjektet å etablere eit fagleg forum med folk som brenn for vitensenter-ideen. Dei kan vere med å gjere senteret til ein attraksjon og eit fagleg «fyrtårn», der kompetansmiljøa, næringslivet og tilsette i skular og barnehagar har dialog om innhald og tema.

7.9 Samarbeidspartnarar

I samband med skiping av referanse- og styringsgruppe er det etablert samarbeid med ei rad verksemdar og institusjonar. Det er m.a.:

- Daco mekaniske
- Difi
- Fjord1
- Gosh pgg
- Holen Installasjon
- Hydro Årdal
- Høgskulen på Vestlandet
- INC
- Jatak as
- Kaupanger Næringsforening
- Lerum as
- Lærdal Energi
- Lærdal Grønt
- Musea i Sogn og Fjordane
- Neumann Bygg
- Nordbohus Sogn as
- Norsk Bremuseum
- Norsk sjømat as
- Norsun
- Quality Sogndal Hotel
- Sogn og Fjordane Energi as
- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Sogn Regionråd
- Sogndal Fotball as
- Sogndal kommune
- Sogndal Vidaregåande skule
- Sognekraft
- Soggenett
- Sogneprodukter
- Sparebanken Sogn og Fjordane
- Sparebanken Vest
- Sunnfjord Energi
- Toyota Sogn as
- Veidekke
- Vesterland Feriepark
- Vestlandsforskning
- VilVite-senteret i Bergen
- Visit Flåm

Mange av desse samarbeidspartnarane deltek i anten referansegruppe eller styringsgruppe. I denne fasen dekkar dei sjølve sine kostnader og stiller personell og kompetanse til rådvelde.

Dei fleste vert no invitert inn som sponsorar eller med tanke på eigarskap.

7.10 «Newton-rom» og «Ungt entreprenørskap»

I samsvar med Vitensenterprogrammet sin idé vert det etablert samarbeid med Newtonromma i Florø, på Sandane og i Førde (Reodor-klubben) og programmet for Ungt entreprenørskap i fylket⁷.

⁷ <http://www.ue.no/Sogn-og-Fjordane>

8 Økonomi

8.1 Driftsstøtte

Eit ekspertutval nedsett av Kunnskapsdepartementet gjennomførte i 2009 ei evaluering av programmet. Deira tilråding var m.a. slik fordeling av driftsstøtta frå dei ulike interessegruppene (våre tal i parentes):

- Staten – 35 % (33 %)
- Kommunar og fylke – 20 % (4 %)
- Samarbeidspartnarar/sponsorar – 10 % (29 %)
- Eigne inntekter – 35 % (34 %)

Statleg tilskott

Vitensentra får støtte gjennom Forskningsrådet sitt program. Dette igjen er finansiert av Kunnskapsdepartementet over «Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, post 71 Vitensentrene» i statsbudsjettet.

Det er laga 12 kriteria for tildeling av offentleg støtte til drift (grunnløyving). Den offentlege støtta skal bidra til langsiktigheit og kvalitet i drifta av dei regionale vitensentra.

Programmet sine kriteria for støtte er:

Tabell 12 Kriteria for godkjente vitensentra

Kriteria	God organisasjon og robust økonomi
	1. Verksemda skal vere sjølvstendig og avgrensa organisatorisk, økonomisk og fysisk, og drevet kontinuerleg med ein kjerne av fast tilsette
	2. Kunne dokumentere kompetanse innan interaktiv formidling/pedagogikk i eigen stab
	3. Verksemda må disponere tilstrekkeleg areal til utstillingar og støttefunksjonar til å kunne gje eit breitt opplevingstilbod
Kriteria	4. Verksemda skal kunne dokumentere ein sunn driftsøkonomi, m.a. økonomisk støtte både frå regionale offentlege styresmakter (fylkeskommune/kommunar) og lokalt/regionalt næringsliv
	Dynamikk og høg kvalitet i verksemda
	5. Med interaktive metodar syne breidde og mangfald innanfor matematikk, naturvitskap og teknologi, og sette dette inn i tidsaktuelle, historiske eller kulturelle samanhengar. Evne til nytenking og fagleg fornying vert tillagt vekt
	6. Må kunne dokumentere ein heilskapleg tenking i det opplevingstilbodet og den arealutnyttinga som vert stilt til rådvelde for brukarane
	7. Arbeide systematisk for fornying og oppdatering av eksisterande utstillingar og læringstilbod (medrekna etterutdanning), slik at tilbodet stadig er i utvikling. Eigen kompetanse og kapasitet til planlegging og produksjon vert honorert
Kriteria	8. Kunne dokumentere at nye aktivitetstilbod vert prøvd ut og justert for å sikre at måla for aktivitetane vert nådd (evaluering/kvalitetssikring)
	9. Verksemda skal ha eit tilbod på nettet, som både gjer det lettare å førebu og følgje opp vitensenterbesøk
	Nasjonale og regionale nettverksbygging og samarbeid
	10. Ha god lokal/regionale forankring med tilbod både til skuler, barnehagar og ålmenta, og vere open for samarbeid med musea og Newton-rom lokalt/regionalt
Kriteria	11. Ha aktivt samarbeid både med teknisk-naturvitskapeleg og sentrale didaktiske fagmiljø ved universitet eller høgskuler i regionen (samarbeidet vert dokumentert i form av forpliktande og skriftlege samarbeidsavtaler og/eller relevante fellesprosjekt)
	12. Verksemda bør bidra til det nasjonale samarbeidet mellom vitensentra gjennom Vitensenterforeininga



Den totale tildelinga for 2016 var kr 53,3 mill. For å sikre robust økonomi ved normal drift meiner programstyret at vitensentra treng eit årleg driftstilskot frå Kunnskapsdepartementet. Evalueringa i 2009 anbefalte kr 6 mill. (2008-kroner) som eit minimum for forsvarleg drift. Tildelte driftstilskot for 2016 var i gjennomsnitt kr 5,38 mill. for kvart av dei ti vitensentra (driftstilskottet varierer frå kr 3 til 6,1 mill.):

Tabell 13 Prosjektstøtte frå NFR til sentra i 2016.

Landsdel	Mill. kr
Agder og Rogaland (2)	11
Vestlandet (1)	6,1
Oslo og Akershus (2)	8,3
Sør-Østlandet (2)	10
Hedemark og Oppland (1)	5,2
Trøndelag (1)	6,1
Nord-Norge (1)	5,5

Regional og lokal offentleg støtte

Det er vanleg at fylkeskommune, vertskommune mv. bidreg med driftsstøtte, men i varierende grad. Det er òg døme på at sentra har gratis lokale eller subsidiert husleige. Det er i tillegg vanleg at skuleeigarane betaler billettane for sine elever.

Røynslene frå dei andre sentra gjer at det er naturleg å rekne med driftstilskott frå og sal av tenester til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogndal kommune og regionkommunane. Det er sjølvsagt ikkje ei lovpålagt oppgåve, men vi ser frå andre delar av landet at skuleeigarane vil kunne dra stor nytte av den aktiviteten senteret genererer.

8.2 Anna støtte/Sponsorar

Det er rimeleg å rekne med at næringslivet, dei andre skuleeigarane i regionen og kompetanse miljøa deltek direkte i drifta, både gjennom økonomisk støtte, betalt bruk og meir generelt.

Sponsorprogram

Avtalane er delt i fire grupper:

Strategisk partner:

MÅL: 1 - 3 bedrifter – Type: Industri, fornybarbransjen og havbruk - kr 1.000.000 + årleg.

- Strategisk samarbeidspartner inkludert innhald, profil og utvikling.
- Definert som Strategisk partner på nettsida til VSSF, sosiale media, arrangement, bygg.
- Tilgang til årleg fellesarrangement inntil 30 tilsette – type seminar og kurs.
- Tilgang til 2 årlege intern lagbygging-aktivitet for tilsette på VSSF.
- Tilgang til kick-off med kundar – produktlanseringar.



- f) 25 årskort til VSSF i avtaleperioden (kan gis ut til kundar/tilsette).
- g) Inngangskort til fellesområde og møterom/auditorium for interne arrangement.

Tre nivå

Større sponsorar (gull) får høve til å profilere sitt fagområde, men utan at det vert produktplassering eller direkte marknadsføring.

1. **Bronse:**
MÅL: 20 bedrifter - Lokale bedrifter som ynskjer å bidra – kr 30 - 90.000,- årleg anten kontant eller varer/tenester.
2. **Sølv:**
MÅL: 10 bedrifter - Bedrifter som er inne med kontantstøtte - kr 100 - 300.000,- årleg.
3. **Gull:**
MÅL: 3-5 bedrifter - Bedrifter som er inne med kontantstøtte - kr 300 - 500.000,- årleg. Gjerne knytt opp mot innhald/installasjonar.

Tidleg inne

Sponsorane vert oppmoda om å gå inn i prosjektet alt frå 2018 (25 %), 2019 (50 %) og for fullt frå 2020. Det vil soleis vere mogeleg å finansiere innreiinga og utviklinga av stasjonar/installasjonar utan å tære på aksjekapitalen.

8.3 Strategiske partnerar

Vi har god dialog med Hydro og Energibransjen, men må styrke dialogen innanfor Transport (Fjord1), Reiseliv (Visit Sognefjord), Sjømat og Næringsmiddel.

Målet er 3 – 5 strategiske partnerar i haust, truleg ved bransjevisse spleiselag.

8.4 Utviklingskontraktar

I hovudprosjektet vil det vere aktuelt å inngå utviklingskontraktar med relevante miljø i dei andre attraksjonane og nyskapande verksemder som t.d. Falkeblikk, Highsoft og Rocket Farm.

8.5 Verkemiddelapparat

Innovasjon Noreg og Sogn Næring har delteke i finansieringa av forprosjektet. Det er naturleg at dei deltek i hovudprosjektet.

Det er ikkje venta at dei går inn som eigarar eller sponsorar.

8.6 Kapitalbehov og finansiering

Bygg

Når fylkeskommunen bygger vil det ikkje vere trong for kapital her. Likevel kan det vere interessant å nytte ev. gåvemidlar i 2018 – 2020 som anleggsbidrag for å få redusert husleige.

Eingongsfinansiering

Kapitalbehovet elles er samansett. Det vil vere trong for eingongsfinansiering av:

- Aksjekapital
- Hovudprosjektet 2018 – 2020
- Utvikling og fornying av stasjonane/installasjonane



Tabell 14 Kapitalbehov eingongsinvestering

Kapitalbehov til	Kroner	Finansiering
Aksjekapital	3 mill.	Retta emisjon
Hovudprosjekt	3 mill.	IN, Sogn Næring, gåver
Innreiing, stasjonar (utvikling og fornying)	5 mill.	Gåver, sponsorar

8.7 Disponering av resultat

Det er ikkje meininga å betale utbytte til aksjonærane. Eventuelt overskot går attende til verksemda og vert nytta m.a. til å styrke tilbodet og særleg utvikling av innhald.



8.8 Driftsbudsjett

Tala er basert på senter det er naturleg å samanlikne oss med. Det er framleis usikre estimat. I den endelege forretningsplanen (II – i desember 2017) må vi kvalitetssikre desse tala. Vi vil då ha betre oversikt over eigarskap, sponsorar, driftstilskott mm.

Fyrste år er her sett opp som heilt kalenderår. Når oppstart er klart og hovudprosjektet avslutta vil vi sjå kor mange månader fyrste driftsår reelt vert.

Tabell 15 Driftsbudsjett. Hele kr 1000 (faste priser eks mva)

	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år
<i>Inntekter</i>					
Salsinntekter fritid/bedrift	500	700	900	1 100	1 200
Salsinntekter bruk/offentleg	500	1 500	2 000	2 300	2 600
Tilskot stat	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
Tilskot anna offentleg	500	500	500	500	500
Gåver	1 000	1 000	1 000	500	500
Sponsorinntekter	2 500	3 000	3 000	3 000	3 000
Andre inntekter	200	200	200	200	200
SUM INNTEKTER	9 200	10 900	11 600	11 600	12 000
<i>Variable kostnader:</i>					
Råvarer, komponentar	500	500	500	500	500
Løn til tilsette, medrekna sosiale kostnader	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Andre variable kostnader	500	1 000	1 000	1 000	1 000
SUM VARIABLE KOSTNADER	3 000	3 500	3 500	3 500	3 500
DEKNINGSBIDRAG (DB) (sum inntekter – sum variable kostnader)	6 200	7 400	8 100	8 100	8 500



	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år
Faste kostnader:					
Faste lønnskostnader inkl. sosiale kostnader	2 800	2 800	2 800	2 800	2 800
Husleige	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500
Strøm	400	400	400	400	400
Telefon/porto	100	100	100	100	100
Marknadsføring	500	500	500	500	500
Reiser	200	200	200	200	200
Forsikring	200	200	200	200	200
Regnskapsføring	100	100	100	100	100
Revisjon	50	50	50	50	50
Utviklingskostnader	0	1 000	1 000	1 000	1 000
Andre faste kostnader					
SUM FASTE KOSTNADER	6 850	7 850	7 850	7 850	7 850
DRIFTSRESULTAT (dekningsbidrag – faste kostnader)	-650	-450	250	250	650

9 Risikoanalyse

Det vart gjennomført ein risikoanalyse i samband med utarbeiding av forprosjektplanen. Då var finansiering av drift og investering det mest kritiske.

Driftsøkonomien, medrekna husleiga er framleis ikkje heilt på plass.

Dei andre risikofaktorane er løyst. Det gjeld:

- Større realfag-orienterte verksemdar, som t.d. Hydro, INC, Lerum m.m. deltek. Det er god dialog med m.a. kraftbransjen, transportverksemdar og bankane, men beløp er ennå ikkje fastsett
- Fylkeskommunen, verts- og regionkommunen og kompetansemiljøa deltek
- VilVite-senteret har inngått avtale
- Tomta er tilgjengeleg og fylkeskommunen planlegg å finansiere og reise bygget.

9.1 Kritiske faktorar

Det er framleis driftsøkonomien som er mest kritisk. Gjennom denne forretningsplanen har vi godtgjort at drifta går i balanse etter nokre år, men det byggjer på ei rad føresetnader. Her står avtaler med skuleeigarane om bruk og tilskott sentralt. Bidrag frå fylkeskommune og vertskommune vert avklart no i haust.

Statstilskott over Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, post 71 Tilskott til Vitensenter ser ut til å løyse seg. Vi har orientert departementet om planane og motteke positive signal. Deretter kjem eigarskaps spørsmålet. Det vert òg avklart no i haust.

Tabell 16 Risikovurdering⁸

#	Kritiske faktorar	S	K	RF	Moglege tiltak/ansvarleg
1	Finansiering av drifta let seg ikkje løyse	2	5	10	Prosjektet vert lagt vekk
2	Besøkstala er urealistisk høge. Skulane legg det ikkje inn i sine planar	2	4	8	Prosjektet vert lagt vekk
3	Skuleeigar og/eller kompetansemiljøa går ikkje inn på eigarsida	2	3	6	Prosjektet vert lagt vekk
4	Skule/barnehage har ikkje pengar til transport til senteret	1	3	3	Lokal sponning av miljøvenleg transport (hydrogen?)
5	For mykje Sogn - Reiser Sunnfjord/(Nordfjord) framleis til Bergen?	3	1	3	Samarbeid om Newton-rom. Sponning av transport

⁸ S – Sannsyn. Kor sannsynleg vil det vere at dette skjer .m skala 1- 5 (5 er mest sannsynleg)

K – Kritisk. Kor kritisk vil dette vere viss det skjer. Skala 1-5 (5 er mest kritisk)

RF – Risikofaktor (S * K). 15 eller høgare vil løyse ut ein aksjon innan ein fastsett dato.

#	Kritiske faktorar	S	K	RF	Moglege tiltak/ansvarleg
6	Fylkeskommunen utsett bygginga	1	2	2	Vente eller bygge sjølve på anna tomt

9.2 Får vi det til?

Analysen syner at det er heilt avgjerande å avklare eigarskapen og mest mogeleg av driftsøkonomien.

Sponsorinntekter – særleg frå strategiske partnarar - og skuleeigarane sin støtte og bruk av senteret som alternativ til ordinær undervisning vil vere avgjerande for driftsøkonomien.

I eit så kompleks prosjekt vil det likevel i desember vere fleire av komponentane som framleis er usikre eller manglar formalisering.

Det vil difor vere knytt ein viss risiko ved avgjerda om å gå vidare til hovudprosjektet.

10 Veggen vidare

10.1 Hovudprosjekt 2018 - 2020

Finansiering

Som vedlegg til forretningsplan II kjem prosjektplanen for Hovudprosjektfasen fram til opninga, minimum 2 år. Dei to store postane vil vere løn til prosjektleiar og innreiing-/utvikling/bygging av utstillingane/innhaldet.

Finansieringa er ikkje løyst enno. Tilskott frå Innovasjon Noreg og Sogn Næring er naturlege kjelder. Gåver frå bankane o.l. vil kunne redusere eigenfinansieringa (50 %) slik at vi slepp å tære på aksjekapitalen.

Finansieringa må sjølvstøtt vere på plass før hovudprosjektet startar.

Om sponsorar kjem tidleg inn vil det og gjere situasjonen lettare.

Prosjektleiing

Det er naturleg å tilsette prosjektleiar i heil stilling tidleg i 2018. I rekrutteringa bør vi ta omsyn til at ho/han skal vere framtidig direktør/leiar. Rekrutteringa bør starte så snart selskapet er skipa og hovudprosjektet finansiert.

11 Vedlegg:

11.1 Styringsgruppa

Namn:	Institusjon/ Verksemd
Tor Arne Ness	Kaupanger Næringsforening og Kaupus as
Jan Tore Rosenlund	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Ivar Petter Grøtte	Vestlandsforskning
Agnar Holen	Holen Installasjon
Geir Navarsete	Pensjonist
Jostein Aanestad	Sogndal kommune
Are Indrelid	Hydro, Årdal
Solrun Hjellevat	Visit Flåm
Stein Joar Hegland	Høgskulen på Vestlandet
Hanne Hjelmeland Ørnehaug	Sogn Regionråd

11.2 Referansegruppa

Namn:	Institusjon/ Verksemd
Trond Teigene	Sparebanken Sogn og Fjordane
Bekka Skaasheim	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Svein Anders Dahl	VilVite-senteret i Bergen
Trine Lerum Hjellevat	Lerum as
Merete Lunde	Vestlandsforskning
Ole Gunnar Krakhellen	Sogndal kommune
Geir Nordnes	Hydro Årdal
Osvold Lykkebø	Høgskulen på Vestlandet
Anders Bjærke	Jatak as
Ole-Bent Søreide	Sogn og Fjordane Energi AS
Are Kvistad	Sjømat Norge

Yngve Hallén	Sogndal Fotball AS
Petter Sortland	Sogn Regionråd
Leon Bakkebø	Sogn og Fjordane næringsråd
Torgeir Strypert	Difi
Ståle Brandshaug	Visit Sogn

I tillegg deltek ofte Marie Pettersson frå Musea i Sogn og Fjordane og Pål Gran Kielland frå Norsk Bremuseum.

11.3 Sterke og svake sider, truslar og mogelegheiter

Styringsgruppa gjennomførte i starten ein sokalla SWOT-analyse med kartlegging av sterke og svake sider, truslar og mogelegheiter.

Tabell 17 SWOT-analyse

Styrke	Svakheit
Vilje til å favorisere regionen i reformarbeidet «KidsaKoder» – Leikanger og Luster med It-utdanning i HVL Tett på næringsliv, som er velvillig Samarbeidsvilje/evne Kan «stele» frå VilVite/alternativ pakke Mange turistar/samarbeid med reiseliv/vêr Profilere som «familietilbod»/pakketilbod	Lite folk/store avstandar Små driftsfinansieringsmoglegheiter Investeringsøkonomi – Usikker vilje til eigarskap Ikkje tydeleg nok på målgruppe - barnehage og grunnskule - turistar/fritidsmarknaden - ålmenta
Mogeleghet	Trussel
Høgskulereforma – realfag i lærarutdanninga står svakt Entreprenørskap og realfag, med internasjonalt samarbeid Link til Hydro/NorSun, Årdal/Høyanger Nytte det som alt er (reiseliv, bremuseum, mm) Sambruk med SVGS/Fk - Alternativ til anna undervisning Sogn og Fjordanefondet	Manglande avgjerdsvilje pga. reformarbeid (Region/Kommune/Høgskule) Transport frå skule/barnehage til senteret (løyse miljøvenleg?) Gratisprinsippet – Skuleeigar skal betale for elevane For mykje Sogn - Reiser Sunnfjord/(Nordfjord) framleis til Bergen?

11.4 Kontraktar og avtaler

Det ligg føre kontrakt med prosjektleiar Vidsyn rådgivning as v/Jan Øhlckers fram til hovudprosjektet og tilsetting av heiltids prosjektleing

11.5 Om Kaupanger Næringsforening

Kaupanger Næringsforening er ein samarbeidsforeining for næringsdrivande og bedrifter på Kaupanger i Sogndal kommune i Sogn og Fjordane.

Juridisk namn: KAUPANGER NÆRINGSFORENING
Org nr: 893 758 852
Selskapsform: Foreining/Lag/Innretning
Kontaktperson: Tor Arne Ness
NACE-bransje: 94.110 Næringslivs- og arbeidsgjevarorganisasjonar
Adresse: 6854 Kaupanger
Postadresse: c/o Tor Arne Ness Kaupangsvegen 33, 6854 Kaupanger
Registrert i MVA: Nei
Registrert i NAV
aa-registeret: Nei
Registrert i
Frivilligregisteret.: Nei
Skipingsdato: 11.11.2008
Registreringsdato: 16.04.2009

11.6 Om Kaupus as

Organisasjonsnummer:

918 182 101

Namn/føretaksnamn:

KAUPUS AS

Organisasjonsform:

Aksjeselskap

Forretningsadresse:

c/o Tor Arne Ness
Kaupangsvegen 33
6854 KAUPANGER

Kommune:

SOGNDAL

Postadresse:

-

Registrert i Enhetsregisteret:

14.12.2016

Stiftingsdato:

29.11.2016

Kontaktperson:

Tor Arne Ness

Vedtektsfesta føremål:

Å etablere, utvikle og drive felles infrastruktur og kompetansekvjande tiltak på Kaupangerskogen.

Verksemd/art/bransje:

Etablere, utvikle og drive felles infrastruktur og kompetansekvjande tiltak.

Sektorkode:

2100 Private aksjeselskap mv.

Særlege opplysningar:

Registrert i Føretaksregisteret

Styre:

Styrets leder:

Tor Arne Ness

Styremedlem:

Dag Loftesnes

Eivind Dahl

Anders Bjærke

Signatur:

Styrets leder alene.

Rekneskapsfører:

Autorisert rekneskapsførarselskap

Organisasjonsnummer 994 694 448

KAUPANGER REKNESKAPSKONTOR AS

Bordvegen 17

6854 KAUPANGER

12 Figurar og tabellar

Figur 1 WOW!!	13
Figur 2 Ideskisse Signalbygg	22
Tabell 1 Besøktal, andre sentra i regionen.....	15
Tabell 2 Organisert besøk frå skular i Sogn og Fjordane i VilVite. 2016.....	16
Tabell 3 Besøktal andre sentra (2011)	16
Tabell 4 Estimat på besøktal etter segment	19
Tabell 5 Marknadsplan.....	19
Tabell 6 Senter, organisasjonsform og deltaking	20
Tabell 7 Fordeling av aksjekapital	21
Tabell 8 Fordeling mellom kommunane i Sogn regionråd.....	21
Tabell 9 Tomta	22
Tabell 10 Førebels romprogram	23
Tabell 11 Tenkt bruk frå Sogn region. Døme.	25
Tabell 12 Kriteria for godkjente vitensentra	27
Tabell 13 Prosjektstøtte frå NFR til sentra i 2016.....	28
Tabell 14 Kapitalbehov eingongsinvestering	30
Tabell 15 Driftsbudsjett. Hele kr 1000 (faste priser eks mva)	31
Tabell 16 Risikovurdering	33
Tabell 17 SWOT-analyse	37